



Kinn kommune

Tilleggsinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Kinn Rådhus i Måløy, Formannskapsalen
Møtedato:	08.09.2022
Tid:	Kl. 10:15 - 15:00

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå i Kaukus varainnkalling snarast mogleg. Sjå eigen epost frå Kaukus. Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Alternative framlegg til vedtak i saker vert å leggje inn i den einskilde saka i Acos møteportal.


Møtesakene vert og tilgjengeleg på innsyn på Kinn kommune si heimeside.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
031/22	Måløy Vekst AS - 2021

Måløy, 06.09.2022

Kjell Heggen
Leiar i kontrollutvalet



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/47801
Sakshandsamar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 06.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/22	Kontrollutvalet	08.09.2022

Måløy Vekst AS - 2021

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek informasjonen i årsrekneskapen til vitende.

Informasjon:

Dagleg leiar og styreleiar har vore invitert til kontrollutvalet dei siste åra for å orientere om selskapet og å svare på spørsmål. I år avgrensar vi dette til å legge fram siste årsrekneskap.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet skal i samsvar med kommunelova § 23-6 og forskrift for kontrollutval § 13 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap.

Vi vil peike på følgande vesentleg informasjon:

- Måløy vekst AS er næringslivet og Kinn Kommune sitt felles organ for langsiktig samfunns- og næringsutvikling. Måløy Vekst sitt formål er å:
 - Skape vekst i næringslivet
 - Skape bu-lyst i kommunen
 - Drive med grunder-rettleiing
 - Yte service overfor næringslivet
 - Vere samfunnsbygger
- Selskapet er deleigd av Kinn Kommune med 34 % av aksjane. Selskapet har i tillegg ca. 80 bedrifter i tidlegare Vågsøy kommune som aksjonærar. Ordføraren er styremedlem.
- Driftsinntektene har auka med kr. 758 000 frå 2020. Medan driftskostnadane gjekk opp med kr. 321 000.
- Både driftsresultatet og årsresultatet har auka med ca. 440 000 kr. Årsoverskotet enda på kr. 253 000.
- Årsmelding frå styret er ikkje utarbeida.
- Selskapet er friteke frå skatteplikt.

Vurdering.

Eigenkapitalen pr. 31.12.2021 er på kr. 1 098 000 som utgjør 62 % av totalkapitalen, dvs. summen av gjeld og egenkapital. Dette forholdstalet kallaast eigenkapitalprosent og soliditet. Pr. 31.12.2020 var dette forholdstalet 60 %. Og ved utgangen av 2019 var det heile 75 %. Vi vurderer dette som svært bra.

Saksbehandlar: Jorunn Sandal
Spesialrådgjevar

Vest kontroll

Jostein Støylen

Dagleg leiar

Vedlegg i saken:

Årsregnskap Måløy Vekst- signert
Revisors beretning